

ÅRSMELDING

Gjesdal sokn 2024



DEN NORSKE KYRKJA
Gjesdal sokn

Gjesdal sokneråd

Medlemmer:

- Leiar: Olga Slettebø Gilje
- Nestleiar: Svein Madland
- Faste medlemmer:
 - Oddrunn Helen Dubland Sivertsen
 - Berit Sola Gilje
 - Jarle Gilje
 - Svein Ingve Nødland
 - Tor Olav Varhaug (Vikarierende sokneprest)
- Varamedlemmer
 - Bjørg Bollestad (1.vara)
 - Arnstein Frafjord (2. vara)
 - Else Fjermestad (3.vara)
 - Eva Madland (4. vara)

Til Gjesdal kyrkjelege fellesråd møter:

- Svein Ingve Nødland
- Berit Sola Gilje
- Oddrunn Helen Dubland Sivertsen, vara
- Jarle Gilje, vara

Dagleg leiar i Gjesdal sokn og sakshandsamar 2024 var Sverre Undheim

Soknerådet har hatt 11 møter og handsama mellom anna desse sakane:

- Visjon- og strategiarbeid
- Økonomi
- Kyrkjelydens misjonsprosjekt
- Arrangement i soknet: Aktivitetsdag for heile familien i Oltedal,
- Skule-kyrkje-plan
- Tilsetting ny sokneprest og undervisningsleiar

Tilsette

- Diakon: Tonje Vilberg Bjerkreim (Ålgård og Gjesdal)
- Kateket (Ålgård og Gjesdal): Bjørn Inge Hauge til august 2024
- Undervisningsleiar: Øyvind Skuggedal, frå september 2024
- Trusopplærar: Solveig Steinberg Høyland
- Organist: Sigmund Haaland
- Kyrkjetenar
 - Gjesdal og Oltedal: Eric Lester Larson
 - Dirdal: Eivind Haaland og An-Magritt Haaland
- Dagleg leiar: Sverre Undheim
- Driftsleiar: Nils Haaland (Ålgård og Gjesdal)
- Kyrkjeverje: Tor Helge Køhn

Årsstatistikken

	2024	2023	2022	2021
Medlemmer	1795	1803	1844	1857
Dåp	22	22	26	31
Konfirmentar	35	22	23	28
Gravferd	28	31	25	23
Innmelding	4	1	0	1
Utmelding	6	11	4	6
Gudstenester	54	55	54	52

Gudstenesteliv

I Gjesdal sokn er det av Stavanger biskop forordna ei gudsteneste i kvar kyrkje pr månad i tillegg til dei gudstenestene som er særskild forordna i høgtidene. Sommarstid er det eigen rytme, saman med Ålgård sokn.

I 2024 var det 18 gudstenester i Dirdal kyrkje, inkludert gudstenesta på Frafjord bedehus i desember. 19 i Oltedal kyrkje og 17 i Gjesdal kyrkje, inkludert gudstenesta på Kyllingstad. Soknet hadde og ansvaret for ei av gudstenestene i Brekko. Totalt 54.

Det var totalt 3465 deltakarar på våre gudstenester i 2024.

Projektor blir nå nytta fast ved alle gudstenestene i Dirdal og Oltedal. Det er blitt arbeidd med å få på plass ei slik løysing i Gjesdal kyrkje også.

Julegudstenestene bør nemnast spesielt med fulle hus i alle tre kyrkjene.

Også i 2024 var det kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene i soknet vårt. Kyrkjekaffien er eit viktig møtepunkt for kyrkjelyden som styrkjer dei menneskelege og sosiale banda mellom oss.

Soknerådet er takksame for arbeidet som vert gjort av frivillige til fleire oppgåver knytt til gudstenestene.

Barn og unge

Trusopplæring

I Gjesdal sokn er det mykje trusopplæring som skjer; både i kyrkje, bedehus og i heimen.

Kyrkja inviterer til ulike trusopplæringstiltak. Dei er retta mot dei ulike alderstrinna, og det vart sendt ut invitasjonar til alle døypte i soknet. Dei som ikkje er døypt, men likevel har lyst til å vera med, er sjølvstøtt også velkomne. Born frå Gjesdalbygda i skulealder blir invitert til Ålgård sine trusopplæringstiltak, fordi dei går på skule der. Hausten 2024 blei Øyvind Skuggedal tilsett undervisningsleiar i Gjesdal Sokn.

Gjennom året har me gjennomført desse trusopplæringstiltaka:

0 år: Dåpssamtalar

2 år: Skattekistesamling i Oltedal kyrkje

4 år: Utdeling av 4-årsbok i Oltedal kyrkje

5 år: Hausttakkefest i Gjesdal kyrkje

7 år: Utdeling av 6-årsbok i Dirdal kyrkje, palmesøndag

3. kl: Tårnagentsamling i Ålgård kirke, samarbeid med Ålgård

4.kl: Dragekjemperne på Kyllingstad forsamlingshus, samarbeid med Ålgård

9. kl: Konfirmentar

Sundagsskulen

Sundagsskulen har vore satt på vent i 2024 på grunn av mangla på leiarar, og dels fordi det ikkje har møtt barn på samlingane. Søndagsskulen startar opp at dersom vi får frivillige leiarar som kan drive og dra dette arbeidet. Søndagsskulen sitt arbeid er viktig, og soknet ønsker og håper at dette vil starte opp at.

BeTween

Eit aktivitetstilbod til dei som går i 5.-7.klasse frå Dirdal og Oltedal i kjellaren i Oltedal kyrkje. Dette skal vera eit lågterskeltilbod omtrent ein gong i månaden, og motivasjonen er at ungar skal kosa seg i kyrkja, at kyrkja er ein trygg og fin plass å vera. Det mest populære på "BeTween" er nok kiosk og loddtrekning, samt biljard og bordtennis, men det er også stas med andre spel, ulike hobbyaktivitetar, gjømmeleiken i mørket, snakke med gamle og nye venner, og høyre på musikk. Me har ein kort andakt, eller eit "go'ord for kvelden" som me har valt å kalla det.

2024 starta med god promotering av aktiviteten som førte til mange frammøtte. Det vart berre to samlingar dette året på grunn av sjukemelding i stab og mangel på frivillige.

Konfirmentarbeidet

Konfirmentarbeidet i Oltedal og Dirdal er det frivillige som driv. Det er fantastisk at me har frivillige leiarar som år etter år driv dette viktige arbeidet for ungdomane våre. Konfirmentane som høyrer til Gjesdal er med på konfirmentopplegget i Ålgård kyrkje, saman med konfirmentane på Ålgård og Figgjo.

Årskullet 23/24 var det 25 konfirmentar frå Dirdal og Oltedal. Desse hadde konfirmentundervisning i lag, hausthalvåret på Gilja bedehus og vårhalvåret i Oltedal kyrkje. Det var 10 ungdom frå Gjesdal som følgde Ålgård si undervisning, og vart konfirmert i Gjesdal kyrkje. Det var til saman 3 konfirmasjonsgudstenester våren 2024, 1 i Dirdal kyrkje, 1 i Oltedal kyrkje og 1 i Gjesdal kyrkje.

Kullet 24/25 er på 21 konfirmentar frå Oltedal/ Dirdal. Frå Gjesdal er det 8 ungdommar som følgjer Ålgård si undervisning.

Leiarar i konfirmentarbeidet for Dirdal og Oltedal er Andre Skjærpe, Hanne Gilje Askeland, Kristine Him, Trygve Dirdal, Emilie Moracchioli, Emma Sofie Sivertsen, Kaja Rotevatn Voksen, Marte Gilje,

Martine Skjærpe, Mina Antonsen og sokneprest Leif Haadland. Undervisningsleiar Øyvind Skuggedal koordinerer og har hovudansvaret for konfirmantarbeidet i Ålgård og Gjesdal sokn.

Samarbeid med skule og barnehage

Leiinga og dei tilsette forøvrig i både skule og barnehage i Dirdal og Oltedal er veldig positive til både besøk i kyrkja, og besøk av kyrkja sine tilsette på skulen. Det er lett og godt å samarbeide med dei, og vi kjem frem til gode løysingar for alle.

Kateket Bjørn Inge Hauge har saman med stab jobba mykje med å utarbeida forslag til revidert planen for skule/kyrkje/barnehage-samarbeid i begge sokna. Utkastet til blei presentert skuleleiinga og soknerådet våren 2024 og er vedtatt av Oppvekstsjefen i Gjesdal Kommune hausten 2024.

Diakoni

Diakonale tiltak i 2024

- Ein komité med frivillige frå Ålgård og Gjesdal sokn går på besøk med blomehelsingar til dei i kyrkjelydane som fyller 80, 85, 90 og for kvart år etter 90. I 2024 var det 31 jubilarar i Gjesdal sokn som fekk ei slik helsing.
- Nokre pårørande blir følgde opp av diakon eller prest etter gravferda. Det blir gitt tilbod om å vera med i ei sorggruppe, som er felles for Sandnes, Jæren og Dalane prosti. I 2024 vart ei av sorggruppene halde på Ålgård. Frå Gjesdal og Ålgård er det fire frivillige leiingar av sorggrupper.
- Den årlege eldrefesten for alle over 70 år vart arrangert på Bygdahuset 5.oktober med om lag 100 deltakarar. Programmet inneheldt andakt, musikk, mat og god drøs. En flott gjeng med frivillige bidrog.
- Allehelgensdag: Det var minnegudsteneste i Gjesdal kyrkje og Dirdal kyrkje, der vi mintest dei døde.
- Julegåveaksjonen: gjennom kollekt i kyrkjene og gåver frå bedrifter og privatpersonar vart det i 2024 samla inn ca kr 130 000,-. 85 familiar i ein vanskeleg økonomisk situasjon fekk gåvekort på mat før jul. Dette er eit samarbeid mellom kyrkja og NAV/Barnevernet i Gjesdal.
- Stasjonsklubbane er eit tilbod lagt til rette for menneske med særskilde behov. Det var i 2024 12-15 deltakarar på klubben for vaksne, og 30 medlemmar i ungdomsklubben.
- Damenenes aften blei arrangert for fjerde gong i Oltedal kyrkje i november. Det vart ein flott kveld med foredrag v/Bent Høie, god musikk, sofaprat med gjester og god kaffimat. 105 damer var til stades. Arrangementet fekk tilskot av kulturkontoret og Viking garn.
- Womanhood i Oltedal kyrkje vart starta i hausten 2022. Dette er ein møteplass for kvinner frå ulike kulturar med fokus på fellesskap og det å gjere noko saman; til dømes lage mat, ha ulike tema, og elles lett underhaldning. Womanhood hadde 5 samlingar i 2024, med om lag 25 damer kvar gong. Juleverkstad var ekstra populært med 40 deltakarar.
- Tur&drøs: annankvar torsdag møtast ei turgruppe utanfor Oltedal kyrkje. Turen er relativt lett, med gode samtalar, og avsluttast med kaffi og ord for dagen. Det var 8 medlemmar i turgruppa i 2024.

Komitear 2024

Blomsterhelsingar (felles med Ålgård)

Geir Oluf Hareland
Solbjørg Ravndal
Anne Bjelland Refsnes
Milfrid Eidsaa
Maria Nordland
Pauline Gilje

Eldrefest (felles med Ålgård)

Berit Ådneram
Gisken Hareland
Tone Ljosland Urstad
Else Fjermestad
Tonje Vilberg Bjerkreim

Damenes aften

Björg Oftedal
Alfhild Oftedal
Toril Munthe Kaas
Tonje V. Bjerkreim

Womanhood

Oddrunn Helen D. Siverten
Jorunn Dubland Tendeland
Tone Helen Trodahl
Tonje V. Bjerkreim

Tur&drøs

Arna Gilje
Tonje V. Bjerkreim

Misjonsutval

Soknerådet har oppretta eit misjonsutval. Med i utvalet er Arna Gilje, Svein Madland og Svein Ingve Nødland. Soknet har i ein del år støtta Det norske misjonsselskap (NMS) sitt arbeid i Estland. Denne misjonsavtalen med NMS vedrørande kyrkja i Estland vart i 2024 forlenga med fire nye år. Det er samla inn vel 15.000 kroner til misjonsprosjektet i 2024.

Økonomien i soknet

Økonomien til Gjesdal sokn ser mykje betre ut i 2024 enn i 2023. Rekneskapen vert, etter avsetning til disposisjonsfond i samhøve med budsjett er ført (56 764 kr), avslutta med eit mindreforbruk på 33 640 kr. Dette er ført som stryking av bruk av disposisjonsfond (post 1940) i samhøve med § 17, som gjer at disposisjonsfondet har auka frå 154 902 til 167 946 i 2024.

Grunnen til at økonomien går betre er at me i stor grad har følgd det stramme budsjettet og aukt gjevartenesta med nesten 40.000 total årleg inntekt. Inntektene frå fast gjevarteneste låg på om lag 94.000 kroner, ca. 10.000kr over budsjett.

DRIFTSREGNSKAP før revisjon

	Regnskap	Buds(end)	Regnskap
	2024	2024	2023
Funksjon: 1000 Sokneråd			
1110 Div materiell knyttet til gudstj./men.arb.	10 362,94	3 850,00	4 118,00
1112 Bibler og undervisningsmateriell	16 562,00	8 000,00	-
1116 Dåpsmateriell, 4-årsbok	3 141,00	-	-
1117 Matvare/bevertning	54 730,68	40 200,00	6 993,34
1120 Andre utgifter	124,83	1 933,00	12 044,47
1122 Arrangementer	-3 803,85	12 500,00	69 319,16
1123 Barne- og ungdomsarbeid	-528,70	-	49 465,24
1130 Porto/bankgebyr	2 964,10	2 000,00	1 378,47
1132 Bankgebyrer	865,38	2 500,00	-
1140 Annonser	3 735,38	2 500,00	-
1150 Opplæring, kurs	-	2 000,00	-
1170 Reiseutgifter	19 851,56	20 000,00	-
1190 Leie av lokaler	3 700,00	-	2 700,00
1200 Inventar og utstyr	3 485,00	-	-
1270 Konsulenttjenester/kjøp av tjenester	26 197,60	25 441,00	-
1340 Refusjon til fellesråd	390 207,59	379 532,00	477 442,75
1370 Refusjoner til andre	102,86	-	-
1429 Mva generell kompensasjonsordning	20 163,82	-	52 988,69
1465 Overføring ofringer/ innsamlinger til andre	1 604,00	-	-
1470 Tilskudd/gaver til andre	4 570,00	6 500,00	5 015,52
1530 Dekn av tidl års merforbruk	70 360,00	70 360,00	74 885,00
1540 Avsetninger til ubundne fond	56 764,00	56 764,00	-
1570 Overføring til investeringsregnskap	7 000,00	7 000,00	134 000,00
1610 Betaling fra deltakere	-121 742,00	-54 800,00	-14 570,00
1611 Betaling fra deltakere week-end m.m.	-	-	-17 100,00
1612 Kontingent, inntekt	-50,00	-1 300,00	-1 300,00
1620 Salg i forbindelse med arrangement	-3 431,00	-7 433,00	-3 323,00
1729 Refusjon på mva påløpt i driftsregnskapet	-20 163,82	-	-52 988,69
1740 Refusjon fra fellesråd	-291 000,00	-280 987,00	-280 987,00
1770 Refusjon fra andre	-110,00	-	-
1830 Tilskudd fra kommunen/kommunale instit.	-5 000,00	-5 000,00	-20 000,00
1840 Tilskudd fra fellesrådet	-5 250,00	-	-
1860 Offer innsamlet til egen virksomhet	-36 245,00	-70 000,00	-69 209,00
1862 Fast givertjeneste	-94 100,00	-84 000,00	-57 803,64
1863 Annen givertjeneste	-950,00	-	-
1870 Tilskudd/gaver fra andre	-9 000,00	-5 200,00	-10 700,00
1900 Renteinntekter	-61 398,00	-55 000,00	-55 897,51
1940 Bruk av ubundne fond	-43 720,37	-77 360,00	-104 885,00
1950 Bruk av bundne fond	-	-	-134 000,00
1980 Regnskapsmessig merforbruk	-	-	-70 360,43
Sum funksjon: 1000 Sokneråd	-	-	-2 773,63

Funksjon: 2000 Offer til andre

1130	Porto/bankgebyr	1 242,21	-	1 033,93
1465	Overføring ofringer/innsamlinger til andre	103 311,33	-	93 393,72
1850	Tilskudd fra menighetsråd	-	-	-550,00
1860	Offer innsamlet til egen virksomhet	-	-	9,00
1865	Offer/innsamlet til annen virksomhet	-104 553,54	-	-93 886,65
Sum funksjon: 2000 Offer til andre		-	-	-

Funksjon: 9000 BeTween - bruk prosjekt 105

1123	Barne- og ungdomsarbeid	-	-	6 854,04
1130	Porto/bankgebyr	-	-	30,31
1429	Mva generell kompensasjonsordning	-	-	296,62
1620	Salg i forbindelse med arrangement	-	-	-4 110,00
1729	Refusjon på mva påløpt i driftsregnskapet	-	-	-296,62
Sum funksjon: 9000		-	-	2 774,35

TOTALT	-	-	0,72
--------	---	---	------